

# *Preikestolen*

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,  
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN  
NR.2, APRIL 2021. 82. ÅRG.



**Adresse:**

Postboks 188  
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 15. juni  
Frist for innlevering av  
stoff er 14. mai

**Redaksjon:**

Redaktør Olav Frantzen  
Tlf. 977 55 271  
olav.frantzen1@lyse.net

Jon Vogt Engeland  
Liv Åse Gaard  
Yvonne Langeland Meltveit  
John N. Nessa  
Haldis Karine Nilsen  
Siv Fossan  
Reidunn Ferstad  
Kristoffer Nåden Havn  
Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**  
Liv Åse Gaard  
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i  
postkassen, kan de ta kontakt  
med eitt av kyrkjekontora.  
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris  
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,  
Strand og Forsand.  
Alle utanbygds abonnentar  
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158  
eller Vipps på Preikestolen  
kyrkjeblad, eller vipps-  
nummer 105004.

**Grafisk formgjeving:**  
Marton L Fiskå  
marton.fiska@icloud.com

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri  
Opplag: 7400

**Framsidedfoto:**  
Elin Knutsen  
(Frå familiedagen 2020 på Furutangen)

## Innhald nr. 2-2021

|                                              |         |
|----------------------------------------------|---------|
| Andakt.....                                  | Side 3  |
| Alle er velkomne i kyrkja!.....              | Side 4  |
| Å få min eigen bibel var det kjekkaste!..... | Side 6  |
| Skulptur-relieffet i Jørpeland kirke.....    | Side 8  |
| Døråpner for en ny tid.....                  | Side 10 |
| Leir, NMSU og Furutangen.....                | Side 14 |
| Gud er alltid større.....                    | Side 16 |
| Eg trur folk trur.....                       | Side 18 |
| Lytt til alle tonane i verda.....            | Side 20 |

### *På leir*

Mange av oss har vore på leir som barn og ungdom. Me var kanskje 10 år og tok bussen til ein avsidesliggende leirplass med gule bygningar fleire kilometer frå næraste butikk, og vart innkvartert på 4-manns rom saman med tre andre som var totalt ukjende. Skummelt og spennande, men snart var me i full aktivitet. Eitt minne står klart for meg frå ein leir på Kvamshaug: Me skulle pugga misjonssongen «Din rikssak Jesus være skal», tre lange vers med uforståelige ord som «rikets hær, sterk og fro, stråleskrud og lyst og ve». Etterpå kom ein av leiarane rundt på romma og eksaminerte oss, ein etter ein. Det vanka ros og premie til dei som kunne alt. Pedagogikk frå 60-talet på godt og vondt. Endå kjekkare var det nokre år seinare på ungdomsleir på Lundeneset, då eg møtte ho som eg seinare blei gift med. Songen kan eg ennå (nesten) utanåt, og ekteskapet har vart i snart 45 år. Så fortel ikkje meg at leir ikkje er viktig!

Difor: Støtt opp om leirarbeidet! Ein leir kan bli avgjerande for framtida for ditt barn eller barnebarn. Spør om dei har lyst å reisa på leir til Furutangen, Vaulali, Horve eller ein annan plass. I denne utgåva av Preikestolen skriv Elin Knutsen frå NMSU om misjon og leirverdiar som ligg til grunn for arbeidet anno 2021. Vel verdt å lesa, og så ser me fram til at nye leirar snart kan gjennomførast.

*Olav Frantzen*



## Pinse for deg

Tekst: Michael S. Zülöw, ungdomsdiakon Strand kyrkjelyd. Foto: Privat.  
Illustrasjonsfoto: Pixabay

Pin sen, hva handler den egentlig om? Julen er velkjent for de fleste av oss, da ble Jesus født. Påsken vet vi vel også litt om. Jesus døde på korset og sto opp igjen. Hva med Kristi himmelfartsdag? Ja, det ligger vel litt i navnet. Men pinsen da, hvorfor feirer vi egentlig pinse?

Ordet pinse betyr «den femtiende», og handler altså om noe som skjedde femti dager etter påske. Forti dager etter påske reiste Jesus opp til himmelen, og etterlot disiplene med et løfte om at noe helt spesielt ville skje. Disiplene holdt seg samlet, dagene gikk, og de ventet på dette de ikke helt visste hva var. Men så, femti dager etter påske skjedde det noe stort:

Da pinsedagen kom, var alle samlet på ett sted. Plutselig lød det fra himmelen som når en kraftig vind blåser, og lyden fylte hele huset hvor de satt. Tunger som av ild viste seg for dem, delte seg og satte seg på hver enkelt av dem. Da ble de alle fylt av Den hellige ånd, og de begynte å tale på andre språk etter som Ånden ga dem å forkynne.» (Apg.2.1-4)

Det var nemlig Den hellige ånd som ble gitt dem! Videre kan vi lese at den dagen kom mange til tro på Jesus, hele 3000 mennesker ble døpt og lagt til menigheten! Mennesker fikk et møte med Gud, og liv ble forvandlet. Det må ha vært helt utrolig for de elleve disiplene å få oppleve dette. Det må ha stått i stor kontrast til dagene før pinse,

hvor de nok hadde vært både motløse og redde. Kanskje hadde de følt seg sviktet av Jesus, hvorfor hadde han forlatt dem? Men Jesus innfridde sitt løfte, Gud kom til dem med stor kraft og med sitt nærvær, gjennom sin Ånd.

Mens Jesus ennå var sammen med disiplene hadde han gitt dem noen hint om det som skulle komme: «Jeg lar dere ikke bli igjen som foreldreløse barn. Jeg kommer til dere», og videre «Men Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt, og minne dere om alt det jeg har sagt dere.» (Joh 14,18 og 26) Og det som er det grensesprengende og på mange måter ganske så uforståelig, er at dette ikke var en engangshendelse! Dette skjer hver eneste dag! Guds Ånd har siden den første pinsen vært tilgjengelig for alle mennesker (Joel 3,1-2). Den hellige ånd hjelper oss til å bli bedre kjent med Gud, han peker på og viser oss Jesus slik at troen blir levende for oss, og hjertene varme. Og det gjør han igjen og igjen, han kan vekke til liv «vår første kjærlighet», og gi oss frimodighet og glede til å fortelle andre om Jesus!

I Sigurd Lundes «Dine Løfter er mange» er det en fin bønn til Den hellige ånd som jeg oppfordrer deg til å ta med inn i pinsen:

«Helligånd vis oss Jesus, hans godhet og makt. At han lever nå og er her i dag. At hans død og oppstandelse slik han har sagt. Vil gi kraft og mot til den som er svak.»

God pinse!

*På reinsdyrjakt  
i Tverrbotn i  
Dovreffell*



**Tonje Flatø Nessa (41) starta i vinter som ny trusopplærer for Hjelmeland, Årdal og Fister sokn. Frå 1. april gjekk ho ut i omsorgspermisjon, og når dette vert lese, håper me vikar er på plass. Tonje ynskjer alle velkomne i kyrkja.**

Tekst: Haldis Karine Nilsen  
Foto: Privat

# Alle er velkomne i kyrkja!

**T**onje er frå Lura i Sandnes, men har dei sist åra budd på Bratthetland i Fister saman med sin kjære Lars og vesle Martin (6). Ho er utdanna lærar med røynsle frå lærarjobb, barnevernsjobb og sjølvstendig næringsdrivande (event-byrå). Sjølv legg ho vel så mykje vekt på erfaring frå alle reisene ho har hatt til meir framande land. Ho nemner særleg Mexico og Israel der ho reiste mykje etter at ho tok ein pause frå lærarutdanninga. -Kjekt å bli kjent med folk frå heile verda, seier ho.

## OPPVAKSEN I KYRKJE OG BEDEHUS

Far til Tonje var sentral i etablering av kyrkje på Lura. Sjølv var ho med på det meste av det som skjedde innan kristent barne-og ungdomsarbeid. Ho nemner skulelaget, KFUK-speidar, søndagsskule, Salem på Ganddal, ungdomsklubb og koret «Vitnesbyrd» der ho sat i noteutvalet medan systera dirigerte. Ein aktiv barne og ungdomskarriere kulminerte med eit år på Sagavoll folkehøgskule, der ho møtte sin seinare ektemann Lars for fyrste gong, lenge før dei vart kjærastar.

## LÆRARSKULE OG REISE

Etter folkehøgskulen vart det lærarutdanning og mindre kyrkje og bedehus. Ho fekk behov for litt pause frå det meste, og reiste med eit par venninner til Mexico. Då venninnene reiste heim, heldt ho fram på eiga hand. Ho snakkar varmt om det ho opplevde:

- Eg har nok knapt møtt den type nestekjærleik i kyrkja som eg møtte på reise, tenkjer ho høgt og legg til:- Det

er noko eg ynskjer å ta med meg inn i jobben!

## NY FASE

Etter omfattande reiseverksemd og slutføring av lærarskule, trefte ho Lars att og dei vart eit par. For rundt seks år sidan flytte dei heim til småbruket på Bratthetland som ein familie på tre. Tonje fekk jobb på Fister skule, og engasjerte seg i lokalsamfunnet. Ho vart raskt hanka inn til både bygdaråd, Røde Kors og teaterlag. På dette tidspunktet hadde ho ikkje vore ein aktiv del av ein menighet på mange år. Likevel var Gud framleis med som ein del av kvardagslivet. Ikkje minst via vesleguten som ga klar beskjed om at han ville tru på Jesus. I etterkant er Tonje veldig glad for det breie erfaringsgrunnlaget og kontaktnettet ho har fått. Ho fann også ut at kyrkja var meir raus og inkluderande enn ho var klar over. Og at det var lov å gå på tvers; kyrkja var ikkje så konform som ho trudde.

## STILLING SOM TRUSOPPLÆRAR

- Då utlysinga som trusopplærer kom, fatta eg raskt interesse for stillinga, og byrja straks å skriva på ein søknad, før eg hadde snakka med nokon om det. Men Lars hadde også sett annonsa og kom til meg og sa: Den stillinga er perfekt for deg!

Dermed rulla ballen raskt; ho søkte og fekk jobben. Ho kjem med overstrøymande tilbakemeldingar om dei nye kollegaene ho har fått, og mottakinga på kyrkjekontoret:

- Fantastiske folk! Og eg tenkjer at når der er plass til meg, då er det plass til ALLE i kyrkja, slår ho bestemt fast. Ho ynskjer å invitera alle ho kjenner inn i kyrkjerommet.

## FRAMTIDSVYER

- Eg er ingen teolog, og må gjera ting på min måte, seier ho. - Sjølv om det ikkje er arbeidskyrkjer i Hjelmeland, går det godt an å bruka kyrkjene meir. Ho har allereie invitert til open kyrkje med musikk. Ho ser fram til å jobba meir med ungdomane, og har ein liten visjon om å få til musikkspel med nett desse. Sjølv spelar ho piano og syng, noko som ikkje er ein ulempe i møte med både konfirantar, 11-årsgrupper, dåpsskule med meir. - Det er når eg sit og spelar at eg ofte kjenner meg nærast Gud, filosoferer ho.

Tonje gler seg til å bli kjent i alle kyrkjelydane, og er glad for at familie er tett på. Lars si vaktordning på jobb gjer at han heldigvis er mykje heime også. Og med pensjonistbesteforeldre i nærleiken, føler ho at der er godt med hjelp å få. - Dei er flinke til å stilla opp, konstaterer ho.

Før me avsluttar, kjem ho nok ein gong innpå dette med at alle er velkomne i Guds hus.

- Kyrkja er ein stad der det går an å samla folk. Dei skal bli møtt med opne armer, understreker ho.

”

*Det er når eg sit og spelar  
at eg ofte kjenner meg  
nærast Gud* ”



*Filetering av laks på slakteriet  
i kjellaren heime.*



*Ved pianoet i Fister kyrkje*

# Å få min eigen bibel, var det kjekkaste!



*Korsong er viktig i kyrkja*



*Alltid godt med pizzasnurrar og saft*

**Det er måndag ettermiddag. Ranslar dunkar mot golvet i våpenhuset. Latter og lyse stemmer varslar at 11-åringane er på veg. Bordet bak i kyrkja vert raskt fylt opp, og dei grove pizzasnurrane får bein å gå på.**

Tekst: Anne-Berit Rinde Bjelland  
Foto: Marta Tysdal

Kva dei gjer på i gruppa? Dei tygg litt på snurrane... «Å, vi lærer meir om Gud og Jesus og sånn...», er svaret eg får. «Ja, og så lærer vi å slå opp» «Å få min eigen Bibel, var det kjekkaste», kjem det kjapt frå ein annan rundt bordet, «det hadde eg gleda meg til så lenge!» Og så les dei frå Bibelen. Dei har lese i Lukas, kan ei av jentene fortelje, om då Jesus var 12 år i tempelet. Raskt får vi eit presist resymé av hendinga.

Noko av det kjekkaste, er å setje register inn i Bibelen. Registeret gjer det lettare å finne fram etterpå. -Sjolv

om nokre av forkortingane i registeret er litt vanskelege å forstå.

Av og til har dei ein lek, får eg vite, men alltid lystenning og ein song til slutt; «Vi syng velsigninga, og då er det så fine bevegelsar»

Trusopplærar Tonje Flatø Nessa fortel at det er ein ivrig gjeng som møtest til 11-årsgruppe på måndagane. I alt skal dei ha 4 samlingar, og den 21. mars er dei og inviterte til å delta på familiegudsteneste i Hjelmeland kyrkje.



*Så var det tid for dramatisering*

**11-års grupper – eit populært tiltak:**

I Hjelmeland, Årdal og Fister sokn er 11-års grupper eit tiltak som har vore i fleire tiår. Kvart år får 11-åringane Bibelen i gåve frå kyrkjelyden, sponsa av Hjelmeland sparebank, og deretter vert dei inviterte til bibelkurs med 4-5 samlingar i ein privat heim, leia av soknepresten. I 2020 og 2021 har dette bibelkurset vore i kyrkjene. Målet er å formidla eit eigarforhold til Bibelen, lære å slå opp i Bibelen, å lære at Bibelen er annleis enn andre bøker, å oppleve at Den heilage Ande skapar tru gjennom Guds ord, og å ha Jesus som helt. I tillegg til bibelundervisninga er det alltid tid til praktiske aktivitetar, leikar/ konkurransar og god mat. Det er svært god oppslutning om 11-års gruppene.

# Skulptur-relieffet i Jørpeland kirke

**Jørpeland kirke ble innviet i august 1969. På fotografier fra innvielsen ser vi at den kraftfylte Kristusfiguren som nå møter blikket vårt når vi kommer inn i kirken, ikke var på plass. Koret var blomsterpyntet under innvielsen, men i godt ti år var det August Jacobsen sitt tunge maleri, Den lidende Kristus, som dominerte alterveggen. Det var først i 1982 at Per Odd Aarrestad sitt skulptur-relieff, Den seirende Kristus, kom på plass.**

Tekst og foto: John V. Engeland

## VELKOMMEN INN

Jørpeland kirke ligger ganske nær riksvegen der titusener av turister passerer hvert år. Mange av dem har antakelig kastet et undrende blikk på det sementgrå byggverket. Det kan virke både kaldt og stengt. Men viss du trør over terskelen, vil du oppleve et åpent og talende gudshus.

Gå inn i våpenhuset og se oppetter midtgangen. I kontrast til det mørke skifergolvet skinner fire fliser i gult og hvitt. De er laget av Per Odd Aarrestad

og kom på plass ved den store oppussinga av kirken i 2006. I flisene er det lagt inn figurer du kan dikte videre på. Selv ser jeg Førlandsåsen i en flis og et kirkebygg og mye fin geometri i andre. Men en gul stripe går igjen i alle og fører blikket framover mot koret og skulptur-relieffet som Per Odd Aarrestad har skapt. Her ser vi den oppstandne Kristus! Et lite kors står tomt igjen nederst, mens Jesus, seirende, løfter seg over det.

## INNSTØPT BASUNKLANG

Han har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid!

Slik synger vi i en påskesalme, og altertavlen synger med oss. Ja, den ikke bare synger – den spiller også. Alterfiguren vår er laget av messing, og i messing er det alltid innstøpt basunklang. Les Johannes åpenbaringer om De siste tider. Der klinger basunene ved alle vendepunkt.

## EN LEVENDE KIRKE

Når du nå, oppe i koret, snur deg og ser bakover i kirken, ser du i det ene sideskipet August Jacobsen sitt maleri fra 1905, Kristus på korset. Det hang i koret før Aarrestad sitt relieff kom. Nå er det med sine tunge, dystre farger og sin ensomme, lidende Kristus en talende kontrast til altertavla. Begge er påskebilder, og det er bare tre dager mellom hendingene, men det er en

revolusjon – et paradigmeskifte – som blir illustrert.

Snur du deg så litt mot høyre og ser mot bakveggen i det nordre sideskipet, blir Evangeliet, Det glade budskapet, fullstendig. Her henger Kjersti Hatlen Lunde sitt bilde, Lovprising. Det er en kombinasjon av male-, broderi- og collageteknikker montert på pleksiglass. Her ser vi Kristus, han som alltid går sammen med oss, og pinsedagsilden han lovet oss – alt i rolige og varme farger.

Til sammen forteller disse tre bildene alt som skal forkynnes i en levende kirke,

## EVANGELIET FORKYNNES

Nå har vi fått et oversiktsbilde over utsmykningen av Jørpeland kirke. Men viss du går nærmere det enkelte bildet, og gir deg tid, kan du finne særtrekk hos den enkelte kunstner. Og du finner kanskje også eksempler på hvordan de har fortalt det samme på vidt forskjellig måte.

To eksempler: Alle tre har Jesus med på bildet, men du skal ha god fantasi for å finne noen fotografisk likhet mellom de tre fremstillingene. Jeg ser Den seirende Kristus, Kristus alene på korset og Jesus som følger meg gjennom livet. Kanskje ser du noe helt annet? Ser du godt etter på detaljene i Lunden sin fremstilling, vil du se Jesus avbildet som Det seirende Guds lam (Agnus Dei). Det er Jesus



*Bærebjelken  
i Jørpeland menighet:  
Den seirende Kristus av  
Per Odd Aarrestad*



*August Jacobsen sitt maleri fra 1905*

## Faktaboks:

**Per Odd Aarrestad** (født i 1940 i Time) er norsk billedkunstner og tusenkunstner som har arbeidet med tegning og grafikk, og med skulpturer i stein, tre, betong, metall og glass.

Han har utsmykket rundt om tretti kirker. En av de første var kirken på Jørpeland i 1982, og den (foreløpig) siste er Tau kirke som skal innvies på sensommeren i år.

**Messing** er en legering av kobber og sink. Legeringen er lett formbar og brukes f.eks. i musikkinstrumenter. Basun er et eksempel på denne bruken, og Guds engler spiller ifølge Bibelen ofte på basun.

idet han kommer ut av graven. Men det er akkurat dette øyeblikket også Aarrestad har fanget inn i sin skulptur.

**Veien til Jorpeland** var forskjellig. Jacobsen malte i Roma, Lunde arbeidet i Suldal og Aarrestad sveiset og klippet og formet på verkstedet sitt i Sandnes. Han forteller til Preikestolen Podkast høsten 2020 at den utradisjonelle lasten vakte oppsikt om bord på ferja. Han hadde skulpturen innpakka i plast på en romslig henger, men den ruva godt på bildekket. I tillegg var det et ufyselig regnvær den dagen, og

underveis ble han mer og mer engstelig for at skulpturen hadde for stort vingspenn til å smyge inn kirkedøra. Men en entusiastisk (og flyttevant) gjeng venta ved kirketrappa. De tok tak og løfta forsiktig hele skulpturen. Så dreide de den forsiktig til de lengste messingvingene var parallelle med døråpningens diagonal. Og i rette øyeblikket smøg de figuren inn over det kritiske punkt. Hvor stor klaring det var, observerte ingen helt nøyaktig, - et par millimeter, kanskje?

*Lovprisning  
av Kjersti Hatlen Lunde*



*Den seirende Kristus  
slik Kjersti Hatlen Lunde  
ser han*



**Tilhengerne så ham som en profet, et Guds redskap til å vekke folket opp av åndelig sløvhed. Andre betraktet ham som en folkeforfører. Myndighetene mente han var en farlig oppvigler, og handelsstanden så ham som en trussel mot sine privilegier. Få nordmenn har skapt sterkere engasjement enn Hans Nielsen Hauge**

# Døråpner for en ny tid

250 ÅR SIDEN HANS NIELSEN HAUGE BLE FØDT



*"Haugianerne", malt av Adolph Tidemand 1852. Foto: Nasjonalmuseet. Mannen på krakken er en lokal haugianar, og motivet er sannsynligvis fra ei årestove i Vikøy, Hardanger*

Tekst: Lars Inge Magerøy  
Foto av «Haugianerne»: Nasjonalmuseet  
Foto av Haugvaldstadbysta: Martin Eikeland

**H**auge er mest kjent som lekpredikant. Men han var mye mer: Handelsmann, gründer, forfatter, bonde. I sin aktive periode, mellom 1796 og 1804, trålet han landet på langs og tvers, helt nord til Tromsø, for det meste til fots. Og han satte spor

etter seg overalt hvor han kom. Også i Rogaland.

## GUDS KALL

3. april i år var det 250 år siden Hans Nielsen Hauge ble født. Han vokste opp i enkle kår på gården Hauge i Tune. Hjemmet var preget av gudsfrykt og nøysomhet. Som ung viste han tiltakslust, lærte seg flere håndverk og drev med handel.

25 år gammel hadde han en sterk åndelig opplevelse som skulle forandre

livet. Det skjedde ute på åkeren på Hauge. Han tolket det som en dyp erfaring av Guds nærvær. Opplevelsen gjorde ham trygg på at Gud hadde utvalgt ham til en stor oppgave: Å kalle sine landsmenn til tro og etterfølgelse av Jesus. Straks startet han sin gjerning som predikant, først i nærområdet, siden utover i hele landet. Han var aktiv også som skribent, og den første i Norge som nådde «hele folket» med sine bøker.

## MOTSTAND

Men virksomheten møtte sterk motstand. Lekfolk hadde ikke lov til å forkynne Guds ord offentlig, det kunne bare prestene, ifølge Konventikkelplakaten, en kongelig forordning fra 1741. Prestene ble provosert av at en uskolert lekmann samlet folk til kristelige møter. Hauge på sin side angrep prestene for maktmisbruk og grådighet.

Han ble arrestert en rekke ganger, inntil han ble fengslet og kneblet for godt i 1804. Men da hadde han skapt en livskraftig bevegelse med tilhengere over nesten hele landet. Øvrigheten likte det dårlig, livredd som den var for ethvert tegn til uro i folket.

Hauge var i Rogaland flere ganger, og mange ble berørt av hans budskap. Men som overalt ellers, var det også her folk som var kritiske. Især var motstanden sterk fra prester og andre embetsmenn.

## GRÜNDER

Hauge så det som Guds vilje å engasjere seg i handel og industri. En kristen skal ikke trekke seg ut fra samfunnet, men bruke sine evner og ressurser til beste for sine medmennesker, mente han. Som kristne er vi forvaltere – husholdere – over det Gud har betrodd oss. I 1801 skaffet han seg handelsborgerskap i Bergen. Og han ble en gründer av stort format: Minst 30 ulike bedrifter medvirket han til å etablere, fra papirfabrikker og trykkerier til møller, sagbruk, spinneri, skipsverft med mer.

«Haugianerne» ble sentrale personer i mange lokalsamfunn. Flere ble stortingsmenn, og minst tre deltok på Eidsvoll i 1814. Frihet fra statlige restriksjoner, både på det religiøse og det økonomiske område, var viktige kampsaker for dem.

Han som ble den ledende haugianeren i Rogaland, John Haugvaldstad (1770-1850), var bonde og predikant. Han slo seg etter hvert ned i Stavanger, hvor han drev en allsidig virksomhet med teglverk, sildehandel, bakeri, veveri, spinneri og fargerier. Han hadde også egne skip, og engasjerte seg i styre og stell i byen. Han var en mann etter Hauges hjerte.

## KVINNELIGE LEDERE

Hauge var forut for sin tid på mange områder. At han satte unge kvinner til å virke som forkynnere, var provoserende for mange. Men Hauge mente at verken kjønn, alder eller sosial status skulle være avgjørende for hvem som kunne brukes i Guds tjeneste.

Et interessant eksempel på dette finner vi i Rogaland. Da John Haugvaldstad fikk sitt åndelige gjennombrudd i 1798, skjedde det «ved en pige, født i Gudbrandsdalen», skriver han senere. «Ved henne fikk jeg megen ledelse i åndelig henseende», fortsetter han. Her ser vi at kvinner ble brukt som forkynnere på linje med menn, helt fra starten av.

## SKULLE KNEKKES

Hauge fikk mektige fiender, helt til topps i Kanselliet (regjeringen) i København. I 1804 startet Kanselliet en knusende rettsprosess mot «oppvigleren». I flere år satt han i rådhusarresten i Christiania under umenneskelige forhold. Bøkene hans ble inndratt, og eiendommene solgt. Mannen og bevegelsen skulle knekkes.

I 1809 oppsto det en akutt saltmangel i Norge, som følge av den engelske blokaden. Hauge meldte seg til tjeneste, og i et halvt år fikk straffangen permisjon til å reise rundt og starte saltverk. Han lærte seg kunsten ved fabrikkene på Vallø ved Tønsberg, og startet saltkokerier ved Lillesand, Kristiansand, Stavanger og i Sunn-

fjord. Da jobben var gjort, ble han fengslet på ny.

Rettssaken trakk i langdrag. Først etter ti år falt dommen: En bot på 1000 riksdaler for brudd på konventikkelplakaten. Alle andre anklager ble frafalt. Ved hjelp av venner klarte han å betale boten og kjøpe seg en gård, hvor han levde sine siste år. Men helsen var knekket. Han døde i 1824, bare 53 år gammel.

## VARIGE SPOR

Bevegelsen Hauge startet, fikk stor betydning både for kirken og samfunnet. De fleste haugianerne ble værende i statskirken, og bidro til fornyelse der. Med tiden endret mange av prestene sitt syn på bevegelsen. De så at haugianerne både var aktive i kirke og kristenliv, og lovlydige og aktive samfunnsborgere. Mange haugianere engasjerte seg i ytre misjon, og sto bak Det norske Misjonsselskap, som ble stiftet i Stavanger i 1842. En av stifterne var John Haugvaldstad, og Hauges eneste sønn, Andreas, var den første sekretæren.

Mange har påpekt haugianernes rolle i den nasjonale oppvåkningen på 1800-tallet. «Haugevekkelsen var med på å danne forutsetningen for et fungerende demokrati i Norge», skriver historikeren Francis Sejersted. I romanen «Trøtte Mænd» lar Arne Garborg hovedpersonen si at «det er ikke Henrik Wergeland, men Hans Hauge som har skapt det nittende århundre». Blant de mange bøndene som markerte seg på Stortinget utover i hundreåret, var det flere haugianere, bl.a. fra Rogaland. Og kanskje lever noe av haugianernes ånd fortsatt i dette fylket.



Byste av John Haugvaldstad ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Foto: Martin Eikeland.



Familiedag 2020. Foto: Elin Knutsen



Båt og Bibel 2017.  
Foto: Kristian Mjøltneset

## Leir, NMSU og Furutangen



### Leirverdier i NMSU

**Trygghet** – at barna skal bli sett, og at de skal oppleve fellesskapet trygt, både åndelig, fysisk og emosjonelt.

**Tro** – formidling av tro.

**Misjon** – formidling av misjon.

**Fellesskap** – skape et inkluderende fellesskap.

**Glede** – at barna skal ha det gøy.

**Spenningsa når ein kjem inn døra på hovudbygget og får namnelapp og romfordeling, nyerverva vennskap, forteljingar om born på din eigen alder i andre land i verda, den veldig lange kiosk-køen, latterhyla på underhaldningskveld, spanande bibelforteljingar, konkurransen om å ha det ryddigaste rommet, den kattebaserte bli-kjent leiken, førstemann gjennom Tarzan-løypa og litt småtrøytte ungdomsleiarar på søndags ettermiddag. Det gjev gode leirminner det!**

Tekst: Elin Knutsen, fagkoordinator Ucamp

#### LEIRVERDIAR

NMSU har arrangert leir i lange tider. Det har blitt skapt mange gode leirminne på Furutangen Misjonssenter og mange andre leirstadar i heile Noreg. Mange ting endrar seg når det gjeld programinnhald og formidlingsmetodar. Likevel er leir framleis eit kjempeviktig verktøy for formidling av trua på Jesus til born og ungdommar i Noreg. Det er ikkje mange andre stadar der ein møter så mange born eller unge på same stad over ei heil helg eller veke. Leir skaper rom for å bli kjent med kvarandre over tid, og gjennom ulike samlingar og aktivitetar får ein høyre om Jesus i trygge omgivingar.

NMSU har fokus på fem verdier når me arrangerer leirar: **Tryggleik, tru, misjon, fellesskap og glede.** Born og ungdommar skal bli sett, og oppleve leir som eit trygt og inkluderende fellesskap der dei kan vere seg sjølv og ha det gøy saman. Leir skal vere ein stad der alle kan kjenne seg velkomne uavhengig av kva slags bakgrunn dei har eller kva erfaringar dei har med kristen tru frå før.

#### MISJON – Å DELE

NMSU er NMS sin barne- og ungdomsorganisasjon. Me deler difor den lange tradisjonen med fokus på misjonsarbeid. Misjon kan innebere så mykje ulikt. Diakoni, evangelisering, fellesskapsbygging osv. For å formidle misjon til born og unge på ein konkret måte, bruker me i NMSU det me kallar «delespråket» vårt. Misjon handlar om å dele av alt det som me

har fått av Gud. Me vil engasjere born og unge til å dele tru, tid, ting og talent.

- ✓ Når me deler tru, vert andre kjent med Jesus.
- ✓ Når me deler tid, byggjer me fellesskap med kvarandre.
- ✓ Når me deler ting, skapar me ei meir rettferdig verd.
- ✓ Når me deler talent, utgjør me ein forskjell for andre.


Denne måten å formidle budskapet om misjon og om kristen tru, har blitt ein fast del av heilskapen på leirane våre i NMSU, og er ein del av mange av programpostane på leirane NMSU arrangerer.

#### TEN-LEIR OG LEIAR-TRENING

Dei siste åra har fokuset på ungdommar blitt større i NMSU. Dette vert og tydeleg i arbeidet på Furutangen. Me hadde i 2020 ten-leir på Furutangen etter nokre år utan leir for den aldersgruppa. Arbeidet med å skape leiararbeid som engasjerer tweens og ungdommar er ein kjempeviktig del av arbeidet vårt i NMSU region Stavanger. Å skape ein plass der ungdommar kan kjenne seg som ein viktig del av fellesskapet, er ein stor del av arbeidet med leir. Vi inviterer ungdommane vidare frå å vere leirdeltakarar til å vere leirleiarar. Ungdommane er viktige for å drive leiararbeidet vidare. Me ynskjer å skape rom for at dei kan dele sine talent på leir og gje dei gode utfordringar i leiarskap.

#### FURUTANGEN

Arbeidet med leir på Furutangen er heile tida under utvikling, sjølv om me ikkje har fått arrangert mange leirar det siste året. Me gler oss veldig til me får moglegheit til å arrangere leirane våre igjen. Me har til vanleg 4 faste leirar i året: Påskeleir, Sommarleir, Adventsleir og Ten-leir. Familiefestivalen Båt & Bibel vert og arrangert her kvar sommar med rundt 200 deltakarar. I tillegg er det fleire kyrkjelydar og andre grupper som har hatt konfirmantleirar og andre typar arrangement på Furutangen. Det synest me er kjekt. Furutangen skal vere eit samlingspunkt for dei som bur i Ryfylke, og me i NMSU ynskjer å vere med på å arrangere endå fleire kjekke leirar og andre samlingar saman med lokale kyrkjer og grupper. (Datoar for NMSU sine leirar på Furutangen kan de finne på [nmsu.no/kalender](https://nmsu.no/kalender)).



” *Jeg måtte leite dypere.  
Og fant andre troende som hadde smakt på smerten  
og som tok den på alvor. Som ikke behandlet den som en  
midlertidig feil, men viste den som en mulighet til vekst.  
Til å oppdage at Gud er alltid større.* ”

DEUS SEMPER MAJOR

## Gud er alltid større

**Deus Semper Major, Gud er alltid større. Dette skal kirkefedrene ha hatt som motto da kirken var ny og det buttet imot. Og vi kan anta at det buttet imot innimellom. De diskuterte vel alt mulig da som nå. Men da minnet de hverandre altså på dette: Gud er alltid større.**

Tekst og illustrasjon (collage): Synnøve Virkesdal

